

**Festidalen har samkome i Bergen****28.05.2009**

**Festidalen-leiinga vil invitera alle som ynskjer til sosialt samkveme med minikonsert med live-heltane i Robert Smith-Hald og Fusa's Finest i Garage i Bergen laurdag 13. juni.**

Det vil bli presentasjon av årets band, kor vi fortsatt har nokre overraskinger i ermet, skriv Festidalen-leiinga og held fram:

- Det vil også bli konkurranse med festivalpass som premiar. Som om ikkje dette er nok blir det gode prisar i baren og sal av årets T-skjorter og festivalbillettar.

Sjekk ut heimesida vår for meir informasjon eller ring Daidalos på 41661666 eller Sveinung på 40444756.

Festidalen er ein festival som er tufta på glede av å presantere kvalitetsband på ei scene i vakre Uskedalen i Kvinnherad Kommune. Dugnadsånda står sterkt bygda og det er sjette gongen festivalen vert arrangert. Publikum har kvart år stilt opp for Festidalen og tilbakemeldingane har alltid vore gode, skriv leiinga.